



## Statens vegvesen

Odd Jarle Talberg  
Remmemsvegen 86  
Postboks 201  
6399 VESTNES

Behandlande eining:  
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:  
Ragnhild Hollingsæter Småsund  
/ 90238338

Vår referanse:  
20/30740-2

Dykkar referanse:

Vår dato:  
19.02.2020

### Uttale til melding om oppstart av planarbeid – reguleringsplan for Remmemsbukta – gnr. 44 bnr. 6 og 11 – E39 – Vestnes kommune

Vi viser til dykkar brev datert 27.01.2020, oppstartsvarsel for privat planarbeid, reguleringsplan for Remmemsbukta.

*Statens vegvesen har ansvar for å sjå etter at føringar i Nasjonal transportplan (NTP), Statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar blir vareteke i planlegginga. Vi uttaler oss som statleg fagmyndigheit med sektoransvar innanfor vegtransport og som forvaltar av riksveg på vegne av staten.*

Det kjem fram av oversendinga at det varslast om privat reguleringsendring. Vi kan ikkje sjå noko referanse til plan- og bygningslova for om saka er tenkt behandla etter pbl. §12-14 eller §12-8, men vi uttaler oss til saka som eit varsel om oppstart av plan- og bygningslova § 12-8. Saka må sendast til oss på offentleg ettersyn seinare i planprosessen (pbl. § 12-10).

#### Saka gjeld

Oppstart av privat endring av offentleg godkjent reguleringsplan, planendringsforslag for gnr. 44 bnr. 6 og 11 i Remmemsbukta i Vestnes kommune. Forslaget erstattar regulert byggefeltsveg med endra og forlenga byggefeltsveg som legg til rette for mogleg vegtilkomst for gnr. 45 bnr. 25. Det blir mellom anna foreslått at byggegrensa mot riksveg blir satt til 22,5 meter.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Transport og samfunn  
Postboks 1010 Nordre Ål  
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00  
  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Fylkeshuset, Julsundvegen 9, 3. etg.  
6412 MOLDE

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø



### Vår vurdering

Vi har ikkje vesentlege merknadar til at internveg endrast som i forslaget, men vi forutsett at Statens vegvesens handbok N100 leggst til grunn for utforminga av vegen.

I forslaget er byggegrensa til E39 satt til 22,5 meter. For å bevare vegens arealbehov meiner vi at byggegrensa må vere mist 25 meter. Vi ber difor om at byggegrensa minimum blir justert til 25 meter.

Det er etablert ein støyvoll mellom E39 og den aktuelle vegen, men det må likevel gjerast ei vurdering av støyforholda på eigedommane vendt mot E39 for å sikre at ein kan oppfylle gjeldande krav i T-1442 før ein avgjer den endelege byggegrensa.

Statens vegvesen ber om at merknadane nemnt over blir innarbeida i vidare planarbeid, vi forutsett samtidig at føresegner oppdaterast i tråd med ny plan- og bygningslov frå 2008.

Transportforvaltning midt 2

Med helsing

Lisbeth Smørholm  
Seksjonsleder

Småsund Ragnhild Hollingsæter

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi

FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL, Postboks 2520, 6404 MOLDE

MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE, Postboks 2500, 6404 MOLDE

VESTNES KOMMUNE, Rådhuset, 6390 VESTNES